



Tilløp til brødkø ved Martabua, også med Helga og Christa frå Tyskland, som står til høgre

Martabu på Sandakaien held fram med å frista med sal av brød, rundstykkje og baguettar frå klokka 9 sundag morgon. I dag var det tilløp til kø framfor dei tradisjonsrike butikklokala og det var både fastbuande, feriegjestar og meir typiske turistar blant kundene. To tyskarar var også på plass og dei var særst fornøgde med tilbodet.



Brødhandelen går i Martabua, med både norske og tyske kundar

- Overalt i Tyskland kan ein få brøtchen nysteikte på morgonkvisten, men i Noreg har vi ikkje fått det før, dette er difor eit stort steg framover for turistane. Det sa Helga Gaisser frå Schwarzwald og Christa Hannuska frå Dortmund får dei fekk varmt bakverk med attende til 'feriebasen' på Rabben. Dei var også imponerte over at bakarvarene kom med bil heilt frå Oslo som djupfryste halvfabrikata og så fekk ein ny steikeomgang i Uskedalen. Morten og Elise Nilsen var på si side imponerte over den gode responsen i ein tidleg morgonstund.

Det har ellers vore ein noko blanda turistsesong, sjølv om tyskarane ikkje har svikta. Det gjeld særleg dei som har kome sjøvegen til Uskedalen. Det blir rapportert om godt besøk i hamnane i Rosendal og på Husnes og mykje tyder på at Uskedalen fell mellom to stolar - eller rettare sagt hamnar.

I går kveld var det brukbart innsig av gjestebåtar, 17 i talet, men tidlegare i i veka har gjestebåt-talet vore 11, 8 og 15 - når ein 'blar' tilbake. Båtlagets folk meiner også at veret har hatt mykje å seia for besøket.. Jentene som krev inn avgifta har berre registrert nordmenn denne veka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det er atskillige ledige plassar om dagen



Tyskarane sviktar ikkje, her kjem ein siglar til kai